Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 85 | Fylke: Sogn & Fj.

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Balestrand

Emne: Veiding og veidemenn, Minne, tru og segner. | Bygdelag. Strondi

Oppskr. av: A. Skåsheim, | Gard: Skåsheim

(adresse): Balestrand | G.nr. 5 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja, noko.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): upplysningar elles samla mange stader.—

SVAR

1. Dei beste av dei gamle veidemenn levde etter den uskrevne lovi at villet skulde leva og finna trivnad. Ein skulde aldri skjota siste orre på leiken, og ein skulde ikkje skjota sovande bjørn.

Gamle veidemenn vart glade i alt det som dei såg levde i fridom i naturi. Dei gjekk mykje i skog og på fjell. Dei hadde alltid gevær med seg. Men dei skaut lite. Dei hadde størst gleda av å sjå villet springa eller flyga.—

2. Dei fekk ålvorlege tankar um at dei skulde verna villet.— Evanger.—

3. Dei hadde jamast ikkje hug til å skjota vilt det bil presten stad på stalen. Elles var dei ofte på veiding um sundagar.—

4 Skadeskotne dyr og fuglar freista dei å taka livet av so fort dei kunde.

5. Dei måtte aldri setja frå seg eit ladt gevær med knalperla

16459

på pikstongi, um det var munnladnings gevær – eller med patrona i bakladningsgevær, på heimstaden. Ute skulde dei vera sers varsame – og sjå seg vel fyre – at dei ikkje skaut på folk istadenfor vilt. – Ein mann sat ved eit revehi på vakt. Han fekk eit haglskot i andlitet og vart heilt blind. Balestrand.–

6. Ramn fylgde etter bjørn. Kom det bjørn mange lamb var der rev.

7 ukjent her–

8 –"– "

9 –"– "

10 –"– "

11 Avskorne bjørnelabbar vart nytta av barselkonor. Dei Heibergske Samlingar hev slik ein labb.

12 Nei.

13 Stor-Anna stidde i Åsedalen (Budeia klappa bjørnen) Ein morgon ho kom ut i gråelysingi låg eit svart dyr på selbøen. Ho gjekk beint på det, klappa det og sa: „Å, stakkars svarte kodla mi". Då sprakka det i hári. Ho skyna at det var ein bjørn ho hadde klappa. Bjørnen gjorde ingen skade den gongen. Men ho vart mykje redd, ettersom. – Indrefjord i Åfjorden.–

14 Dei gjorde nyp eld for bjørn, og dei gjorde stor

16459

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



larm. Då torde bjørnen ikkje koma. Buskapen kom springande til selboin, og kyrne belja.
Var dei redde for ulven drog dei ei lang troda etter seg. Denne nemnde dei ulvatroda, og slik troda hev berga mange, for då torde ikkje ulven koma nær.—
Balestrand.
15 Ukjent
16 "
17 "
18. Når kyr legg seg vekke skal ein slå orm mellom påske og pinse. Turka ormen på taket. Smuldra han sund og blanda han med salt. Gjev kyrne det. Då gjeng dei heim. —
Veitastrond. —
På Veitastrond hev eg og skrevet denne saga 26/9 1917.
Det var ein vår eg hadde so illt i ryggen at eg vandt kunde gå. Men eg aulti meg upp i marki og skulde sjå etter sauene. Der fann eg ein orm. Eg sa til ormen: No fær du liggja still — til eg kan henta ei stikka og slå deg ihel. Ormen låg still. Før eg slo han sa eg: Eg slær deg ihel på det at eg skal verta god att i ryggen — og aldri skal få ryggaerk meir. — Straks eg kom heim vart eg god att. Sidan hev eg aldri havt

16459

ryggverk mi. Dette trur eg på. Orm til lækjedom skal ein slå mellom påske- og pinse- eller fyrste orm ein ser um våren.!"

19 Ukjent – sjå spr. 14.

20 "

21 "

22 Nei

23 ukjent.

Dei klumsa bjørn

24 Eli var ei uvanleg sterk kvinna. Ho hadde støl på Svingen. Ein morgon såg ho at bjørnen hadde drepe ei kviga. Med det same ho såg det, sa ho til bjørnen: Dette skal du få betala. Ho klumsa bjørnen, og han laut sitja der til um kvelden. Han sette store rukkor over augo, og han grov i marki, so det vart ei stor hola ved Tjødnhauga. Hola synest endå, og dei nemner henne Bjødnahola. Romedal i Fjærlandsfjorden.

x

Ei budeia var synsk. Ho såg ei kyr for utfor eit stup. Ho vitra Kristen som åtte kyri, og ho sa: No for kyri di utfor. Du må reisa, bjørnen sit på kyri når du kjem fram. Kristen gjekk. Han fann kyri der budeia hadde sagt, og bjørnen sat på kyri. Kristen hadde øks og tog med. Han laut truga bjørnen med øksi. Bjørnen vilde ikkje flytta seg. Kristen truga

16459

ein gong til og sa: Kyri er mi.
Bjørnen gjekk då nokre stig
ùm ei grov og sette seg
i bakken. Kristen klùmsa
bjørnen, og han hadde makt
over han so bjørnen laut sitja
still. Kristen flo kyri. Men
kjøtet var so blodrlege at det
var berre hudi han kùnde
nytta.

Medan han flo sat
bjørnen og brùmma. Han sette
store rùkkor over augo og
geispa. –

Då kyri var flegi sparka
Kristen til skrotten og sa til
bjørnen: No kan du ha henne,
kyri er di. Då tok bjørnen straks
til att ~~og éta~~ å eta. –
Stølen Eisungadn i Aurlandsdalen.

x

25. Segner ùm dette er å finna so
mange stader, at det må vera
noko røyndom som ligg til grùnn
for det. Men minnet ùm dette
er so ùklårt at eg ikkje vilde
skriva det.
26 Ukjent. –
27. Eg hev høyrt dei bruka ordi:
Geværet var so skjemt at det
„ramn av pipa". Men nøgnare
ùpplysning ùm dette var det
uråd å få. Dei som var kùnnige
kùnde gjera byrsa god att so
„skotet drap." –
28. Til store skadedyr ~~Støyte~~

16459

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING





støypte dei kulor av sylv.
Då var dei visse på at
kula drap.

29 Sogor um rovdyr.
Nokre bjørnesogor.

Dei fyrste turistar som kom til Balestrand var engelskmenn, i slutten av 1850 åri. Ein slik turist budde hjå landhandlar Garmann. Han hadde rifla med seg, og han vilde til fjells og skjota bjørn.

Bjørnen gjorde stor skade her den tid. Han tok ei geit i Brulgjellsbakkane, nær tunet. I Kalvagjerdet, under bøgarden på Skåsheim drap han bjøllegeiti. Løyna av geiti og bjølla låg att. Bjørnen gjekk under hagen på Skåsheim og gjenom tunet. Serleg heldt bjørnen tie i Skåsheimsholten og i beitemarki Saltruna nær Balastølen.

Engelskmannen fekk landhandlar Mons Torsen Tjugum, Lundsvik med seg til vegvisar. Dei rodde inn til Ese, gjekk fram Esedalen og upp til Nonskar (Nonskar).

Det var midt på sumaren, og bølingen av Skåsheims-kyr gjekk på beite i Nonskar den dagen. Med det same engelskmannen kom til Nonskar kom ein bjørn jagande etter ein ukse. Bjørnen

16459

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



4

jagde so hardt at uksen sprang ut i Tjörni som er der. Der drap björnen uksen og saug bladet av han. Dette såg engelskmannen og Mons Tjugum på. Då den största spaning var over tok dei til å skjóta på björnen. Dei hadde rifler båe, men dei såra ikkje björnen. Likevel skremde dei han so mykje at ~~han~~ björnen skunda seg bort.

Dagen etter vilde Helga sjå til kyrne i Monskar. Björnen hadde då vore der um natti og ete av uksen. Helga hadde kniv med seg, og ho freista å skjera ut noko av det beste kjötet på uksen. Men alt var so skjemt av björnebit at ho ikkje kunde nytta noko av det. Medan ho arbeidde med dette gjekk björnen frå uksen og sette seg på ei lang form, som kom ned frå Monriggi. Då Helga gjekk frå ~~björnen~~ uksen kom björnen att og tok til å eta.

x

Björnen i Almeskári. –

Almeskári er ein veg frå fjellet heimt ned til Mundal. Skári er lang og smal, nett so mykje ein mann kan fara der. Men det er ein snögg veg, som dei nytta,

16459

når dei vilde koma fort fram.

Johannes kom ein dag frå fjellet og var midt nede i skåri. Der kom ein bjørn, som vilde uppover. Dei stogga bae og såg på kvarandre. Johannes hadde ikkje gevær med seg. Han såg seg um i skåri, der det var störst rom, og han sette ryggen godt inn til fjellet. So sa han til bjørnen: „Du får koma, kar!" Då kom bjørnen med varsame stig uppetter. Han stogga og såg seg um. Bjørnen snudde so ryggen mot Johannes og smaug seg varsamt forbi. Johannes stod radt stille, og han kjende bjørneryggen trengde seg forbi. Med det same såg han at håri reiste seg på bjørnen.

So for bjørnen upp skåri. Fortalt av Johannes sjølv. Fjærland.

x

Bjørnen vart drepen med kniv.

Per var ein uvanleg sterk og djerv kar. Ein gong møtte han ein bjørn i ei skår i Sævisbotn. Med det same Per såg bjørnen i skåri sa han til bjørnen: No skal anten eg eller du setja livet til. Skåri var smal, og Per tok bjørnen i nakken

16459

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING


og heldt han med hovudet
ned mot marki til han fekk
fram ein stor slirekniv, som
han bar på seg. Per drap
bjørnen med kniven.
Tævrisbotn i Romedal ved Fjærlandsfjord.

x

Bjørnen sumde um Sognafjorden.
Ola var jekteriglar, og han kom
ei (Jos) sumarnatt siglande ut fjorden
ved Målhaugen, Kvamsøy, 1877. –
Umlag midt i fjordan mot ein
stor bjørn, som sumde frå
Vangsnes til Målhaugen. Det var
like ved den staden der
Ola hadde heiman sin. Han let
undermannen på jekti ro iland
etter rifla. Det var lagleg vind.
Tjøla kryssa han med jekti
kring bjørnen, so han ikkje
fekk symja i land. Bjørnen
"gaulte", då han såg rifla
kom. Dei skaut nokre skot,
men kulone drap ikkje. Bjørnen
vart so varm at det rauk
av han. Og bjørnen sumde so
fort at det var nett so mykje
ein mann kunde ro frå han
i skipbåten.
Bjørnen glepste attum
seg for kvart skot han fekk. –
Då feste dei ei øks på ei
stong – og rodde med skips-
båten mot bjørnen – og hogg
øksi i hovudet på han. Då
seig bjørnen saman. –
Målsnes i Vik. –

x

16459

Ola møtte ein bjørn i marki. Ola gjekk i sokkane til kona, og ho var med barn. – Bjørnen søkte. Han reiste seg upp på bakføtene og kom nær Ola, som lyfte upp i øks han bar på, og han truga bjørnen; men han torde ikkje hogga. – Bjørnen stogga. Han torde heller ikkje gjera åtak på Ola.

Bjørnen stod soleis ei stund. Men so sette han framføtene ned att på marki – og for sin veg. –

x

Bjørnen var nærsøkjen på Skjålsnes. Han kom heilt ned til tunet. Um haustane hadde dei kyrne på Vellene. Då laut dei liggja vakt i løda um natti. Dei hadde då spik på ei troda. Det lyste dei med um natti, når det vart uro i bølingen. Kyrne hadde ver (lukta) bjørnen. Og bjørnen var redd eld. –

x

Målhaugen er eit nes som stikk fram i Sognafjorden. Der gjekk bjørnen i land, når han hadde sumt um fjorden. Eingong såg dei ein bjørn, som kom upp der. Han stogga på sjøberget, og han risste sjøen av seg. – So vart han burte i fureskogen. – Kvamsøy, i Sogn. –

16459

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Björnen lauga seg. — 11 

Student Harald Sverdrup var ihuga fjellmann. Han kom ein sumar kring 1875 til budeia på fjellstölen Grisagrö, og spurde kvar han skulde gå, so han kunde få sjå björn. Ho sa han kunde gå upp i Mollskard, setja seg der — og sjå nedover mot Ljotå. Der er nokre slette bakkar. Han gjekk der budeia hadde sagt. Det var ein varm sumardag, og han sat der ei stund. Der var ei vatspöyla, og det kom ein björn, som lauga seg. Han sat roleg og såg på at björnen leika seg i vatnet.

Balestrand.

Dei skaut björn med pil og boge. Gamle Tor skaut björn med pil og boge på Torvaldsriet i Halsetdalen. Han skaut tvo björnar der, og han drog dei saman og låg mellom dei um natti, for det var so kaldt at han heldt på å frjosa i hel. —

Siste björnen han skaut var på Blåbärhaugen i Halsetlidi. Björnen sökte. Tor lovde då felden til kyrkja — um han kunde vera god til å drepa han. Björnen laut lata livet. Björnefelden var i kyrkja på Nese til presten Thode[x] sa han vilde ikkje hava slikt i Guds hus. —

x) Sokneprest Thode, Vik 1785–1817.

16459

Gamle Per brukte deretter pelden til løskinn på öyken, då han reidde klyv.

Björneveidaren Per stod i Halset-tunet og skaut med bogen sin på eia plitt (båtplitt) som stod på hamaren under fjellet Beitelen, og han klöyvde plitten med pili. – Indrefjorden, Arnafjord i Vik, Sogn. –

Styggebjörnen i Sorebotn.

Ein mann med ein liten son gjekk etter björn i Sorebotn. Der heldt björnen seg mykje. Mannen skaut på björnen, men berre såra han, og björnen rökte.

Sonen vilde hjelpa faren. Men faren sa: Du må ikkje koma nær, for då drep han deg. Men du må gå heim att til folket på Nessane og segja korleis det bar til med meg. Guten sa: Eg hittar ikkje heim att, far. Faren svara: Du ser elvi her. Fylg elvi, dalen til endes, so kjem du heim til Nessane. Og guten fann heim att. Björnen drap faren.

Folk frå Nessane gjekk til Sorebotn – og dei fann rifla – og likit med mange merke etter striden med björnen. –

16459

På eit berg mellom vatni i Poxebotn muurte dei ei steinkista og lagde liket der. Ei liti steinrøys minner enda um denne gravstaden på austre sida av vatnet. – Nessane, Vik i Sogn. –

x

Våren 1881 skaut dei tvo bjørnar i Halsali, Esedalen. Det var siste bjørnar som her vore skotne der. Veidemennene drog bjørnane på ei snøfonn ned i dalen. Derifrå køyrde dei bjørnane med tvo hestar, og mange folk var komne til.

Hestane vart ustyrlege. Dei hadde otte for bjørnen. Den eine veidemannen tok då full ei hand med bjørneblod og smurde kring mulen på kvar hest. Då vart dei heilt rolege.

x

Dei drap bjørn med langorv. I Esedalen sprang bjørnen etter ei kona, som gjekk med barn. Mannen hennar og drengen på garden skulde til Esekvíane og slå. Då dei for fram kom bjørnen og hoppa over grindi. Mennene gjorde åtak på bjørnen med langorvane. Dei hogg han, so han laut lata livet. –

x

Ein bjørnehund.

På Grøneng hadde dei ein hund

16459

som jagde björn. Tvo mann
frá Grönenga hadde vore i Lange-
dalen, og hunden var med. På
heimferdi såg dei ein björn i
ei kvanneskår. Hunden sette
etter björnen, og hunden var
burte 1½ dågar.–
Balestrand.–
x

Björnehundar.

Ivar hadde tvo dugande björne-
hundar kring 1852. Dei fria bu-
skapen for björn og andre udyr.
Desse hundane tok
reven på sprang.–
Ein dugande buhund
skulde vekra upp i saugarden
helst frå för han fekk augo.
Den eine av desse
hundane heitte „Buomann". Han var
den beste björnehunden. Han
låg på seltaket og vakta, når
björnen vilde gjera åtok på
buskapen.
Björnen kom på
stölen, „Buomann" vart beden å
verja sauine. Det var kveld.
Dei lovde hunden ein grautz-
bite, når han kom att. Det
var vorte myrkt. Hunden
gjekk og kom att med alle
sauine. Björnen såg dei ikkje
meir.–

x

Dei tok levande björneungar.
Lasse og 2 gjentor var ein vår
i Raundalen og skulde skava
näum. Lasse klang upp i eit

16459

tre, og vilde sjå etter björn. Då såg han ei bera med tvo ungar.

Bera vilde ut på veiding, og ungane var so småe at dei ikkje kunde vera med. Mori vilde få ungane til å leggja seg under ein hamar. Det vilde dei fyrst ikkje. Men so låg dei rolige.

Då bera hadde fare frå ungane gjekk Lasse og gjentone og tok björnungane. Dei line av dei vilde klora. Dei batt fötene hans med hårtræ (hårband). Dei skunda seg, for dei venta bera att. Björnungane bar dei heim i ein sekk. Men natti hadde bera vore i tunet, men ho hadde reist att. Lasse reiste til byen med björneungane og synte dei fram for pengar. Etterpå selde han dei.

Lasse drap tvo björnar med björnegildra, som han hadde i Björnestigen under Tusenipa.

Lånafjorden, Vik i Sogn.

x

Sigrid var budeia i Bolm. Der var mykje björn. Björnen kom ein kveld og tok ei geit. Han beit henne i herdatoppen (högste ryggen over bógene) og bar henne burt. Med geiti i kjeften kunde björnen ikkje fara

16459

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



fort. Sigrid sprang etter björnen, tok geiti i bakføtene og skreik til björnen: „Slepp geiti, ho er mi!".
Björnen sleppte og for sin veg. Geiti kom seg att. Dette hende i Málarbakkane. Fortalt av Sigrid sjölv. — Balestrand.

x

Björnen hadde ete revegift. Ein vár hadde björnen kome tidleg ut frå ~~[illegible]~~ hiet.
Han hadde teke ei reveáta, der det var lagt ut gift. Björnen skynte at han var vorten sjuk av det han hadde ete. Han hadde gjenge lenge på ei stor fonn, som låg attmed Hanavikfossen. Der synte fári etter han. Han hadde vore so sint at han hadde „drite blod".
Men han hadde ikkje fenge gifti ut av kroppen. Han hadde tilslutt stupt seg i fossen. Der låg han „heile sumaren — og lufta".

x

Björnungane leika seg. Anna var budeia og gjekk ein várkveld på stölen. I ein bakke låg ei stor fonn. Der var tvo fine björnungar, som spelte seg med á sigla på ei steinhella. Ein av dei bar hella i kjeften uppatt

16459

til toppen av fonni. Der sette dei seg båe two på stein-hella. Dei tok kvarandre um halsen, og dei siglde ned fonni. Dette var fint å sjå på. Anna stod der lenge og såg bjørnungane gjorde mange renn.

Linde, Vik i Sogn.

x

Gjeldbera hoppa utfor stupet.

I Vikadalen var mykje bjørn, og der var mange bjørneveidarar. Vanleg djerve til å ferdast i fjell og ulende. Dei gjekk vanleg i tæsesko, (heilskorne lågi sko.) Ein bjørneveidar gjekk etter ei stor, feit gjeldbera. Ho vilde koma seg burt i bratte fjellet. Men bjørneveidaren for etter - og han fekk skot på henne.

Når bjørnen kjenner at han skal snart døy, då gøymer han seg burt, so folk ikkje kan få tak i han.

Då bera skyna at ho ikkje kunde koma undan bjørneveidaren, hoppa ho utfor stupet og beit seg fast i ei bjørk. Det var i den stund ho døydde. Ho beit seg so fast at ho vart hangjande daud, og veidemannen kunde ikkje nå henne. – Forkalt av bjørneveidaren sjølv. –

Naddvik, Årdal i Sogn.

16459

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



4. Björnen vart drepen i noti.

I botnen av Esefjorden er stölar, og der kom björnen heilt ned i strondi.

Nokre fiskarar lagde ein kveld ei sildenot til turking på ein voll i Esebotn. Um natti hadde der kome ein bjørn. Klörne hans hadde ~~hadde~~ teke fast i noti. Björnen hadde vorte sint. Han hadde snört not so fast kring halsen at han hadde kövna (strypt seg).

Sildefiskarane vart i stor undring då dei morgonen etterpå skulde ro på sjöen. Noti var dregi saman, og der låg ein stor klump. Det var ein daud björn, som hadde masa noti i kring seg. –

Balestrand.

x

Björnen i gardfjosen.

Husbjörnen var norsökjen i Breim i mange år. Han braut seg inn i gardfjosar. Difor fekk han namnet Husbjörnen.

Ein gardfjos som var full av sauer – var open i brystet. Der hadde björnen kome seg inn. Frå bilen hadde han hoppa ned i saueflokken.

Der hadde han gjort stor skade. – Han hadde slege i hel 20 sauer, som han hadde bore saman i ei hyrna. Han hadde då stige på dei daude

16459

sauene, so han kunde koma seg uppatt på biten — og ut. Dette hende i haustnatt kring 1870. — x) Husbjörnen kom burt. Ein vår fann dei löyna av ein björn i ei snöskreda på Myklebust. Dei trudde det var Husbjörnen. Finnaren Arne göymde ein labb med alle klörne.

x

x) Eg var inne i gardfjösen der 1. juni 1951. Huset var endå det same som det var då björnen drap sauene. —
Byrkjelo i Breim.

x Kyrne drap björnen.

I Staredalen låg kyrne ute. Ein natt hadde ein björn kome inn i bölingen.
Tvo kyr med kvasse horn hadde då samstundes sett horni i björnen på kvar sida — og heldt björnen solid mellom seg. —
Då folk kom til um morgonen stod dei der daude alle trî. —
Jölster. —

x

Den siste björnen i Breim vart skoten ein sumar i Våtedalen. Turistar på Egge Hotel kunde sjå dei jagde björnen, og dei såg at björnen stupte på Fjelle=sida i Våtedalen. —
Bernt Teita var ein

16459

stor, sterk kar. Han tok bakpôtene over herdane og bar bjørnen på den måte på ryggen med til elvi.

Tyske turistar gav bjørneveidarane öl. Engelske turistar gav dei pengar. Heile hendingi vart mykje åtgådd.

Ivar Kvikk var heime frå Amerika. Han kjöpte skinnet og tok det med seg. Nordfjordingar har seinare vore i heimen hans i Amerika, og dei har set bjørneskinnet.

×

Bjørnen tok ei steinhella til vern.

Ein bjørn var jaga av veidarar, og han kunde ikkje koma seg undan. Han sprang inn i ei tett rust (skogdott), og dei trudde bjørnen hadde göymt seg der. Men om ei stund kom han att. Då bar han ei stor steinhella i framlabbane til vern mot kulone frå veidemennene. Bjørnen laut likevel lata livet. Men bjørnejegrane laut undra seg, då dei såg kor klok bjørnen kunde vera. Ulvestad i Vetlefjord, Balestrand.

×

Grisabjørnen i Erdal.

I 1890 åri var det ein bjørn som gjorde stor skade. Grisa gjekk ute om dagane. Um natti var dei

16459

inne i gardfjøsar. Der braut bjørnen seg inn. Han hadde soleis teke 10 store grisar, og bjørnen fekk namnet „Grisabjødn". Han slog so hardt at det synte etter klørne i harde furestokkar. Dørar til grisehuset krasa han, og han tok alltid den gildaste grisen.

Tvo bjørnejegrar i Lærdal fekk tidend um dette, og dei reiste på bjørneveiding. Det var um hausten og lauvet tok til å gulna. Tidleg ein morgon såg dei bjørnen som gjekk i ein lyngrabb og åt bær. Dei stillte seg fram mot vinden til dei var 150 m. frå bjørnen. Då skaut dei båe med eksplodrande jaktkulor, som reiv upp heile lunga på bjørnen. Likevel kom bjørnen farande beint imot dei. Tolv til fjørtan alner frå veidemennene reiste bjørnen seg på bakføtene, brølte og fråste so blodet rann ut kjeften. Då fekk han samstundes tvo kulor til attum bogen. Då snudde han, men han sprang endå umlag 50 meter. Medan han sprang fekk han ei kula til. Ho stod fast i bryst-beinet. Då stupte han.

Det var ein stor svart bjørn, som vog 33 pund med skinnet = 198 kg. Hans Kvigno klyvja kjøtet heim. Fortalt av bjørnejegaren sjølv.

Erdal i Lærdal.

16459

Björnen drakk söt mjölk.

Dei silte mjölki i ein stor strokk um kveldane. Morgonen etter toke dei flöytun av og sette so mjölki upp i koppar. På den måte fekk dei bort gjömen av mjölki.

Ei natt hadde björnen brote seg inn i mjölkehuset og drakke so mykje flöyte og mjölk at det var rett so mykje han kunde koma seg burt um morgonen. Han kunde ikkje springa. Men der var ingen björneveidar. Og björnen fekk göyma seg i furuskogen. — Kaupanger kring 1860. —

x

Bera bar ungen på ryggen.

Bera gjekk i so bratt fjell at ungen ikkje kunde fylgja mori. Han gjekk etter og bar.

Då beit bera ungen i skinnet ved hovdatoppen — og lyfte han upp på ryggen sin. Der klorte ungen seg fast — og han sat — um mori gjekk i stor ulende. Budeia såg dette — Esedalen i Balestrand

x

Björnafura.

Ved Furehaug-stölen stend „Bjödnafura" heilt framme på stupet ved Ygrebotn.

Björnen rulle seg um hausten, og når han kom ut

16459

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

att av hiet um våren. Dei sa han hoppa av gleda um han hadde vakse medan han låg i hiet, men han gaulte um han hadde kroppna (var vorten stuttare). I borken på Björnfura, ~~Björns~~ Bi Fure haugen, syner endå tri merke over kvarandre - eller björnebit - eller kloring av björnelabb - frå den tid at björnen målte seg der. - Merki som björnen hadde sett i fura var no gamle. Men eg såg dei der 27. aug. 1856.
Balestrand.

x

Det var gamal tru at björnen ikkje kunde lögna seg for manna-augo helgitorsdag. Då skulde det vera god von um å veida björnen med det same han kom ut av hiet. -
Balestrand.

x

Björnefura ved Tenningartölen
På haugen over Urdagilet stend denne fura. Det er eit gamalt tre, og 3,15 m. kring stokken, ein meter over jordi. So lenge folk veit av hev denne fura vore nemnd Björnefura. Fura stend endå grön og fin. Eg såg henne 27. juni 1958.

Andreas såg kring 1895 at björnen hadde bite i borken, når han hadde målt seg ved

16459

denne fura. Treflisane stod att i borken, so det hadde vore eit sterkt bit björnen hadde teke, då han målte seg.

x

Björnen drap ein tri års gamal hest ved Eitorn=stölen. Björnen hadde bogt hesten ut i ei myr. Herdatoppen på hesten vår uppsriven.—

x

Lasse gjekk etter björn — men han hadde berre eit skot. Det var då um å gjera at han kunde såra björnen soleis at han ikkje kunde sökja. Han møtte ei bera med tvo ungar, og han skaut ryggen av på henne. Det var langt uppe i fjellet. Men bera drog seg ned til sjöen. Der steinte dei henne i hel. Men ungane kom seg bort.—

x

Ola gjekk etter björn med berre eit skot. Det var i slutten av 1700 talet. Han skaut av ryggen på ei bera, som hadde tvo ungar. Det var langt uppe i fjellet at dette hende. Men björnen kom ned til sjöen. Dei freista å steina bera i hel. Men ho tok steinane med framlabbane og kasta dei frå seg. Til slutt sette ho på fjorden. Då tok dei 2 båtar og rodde

16459

etter henne. Då slog dei henne i hel. Heudi spikra dei upp på ein vegg. Dei höyrde bjørningane for der og kvein um natine.

Eitorn, Balestrand. —

x

Styggebjörnen i Skåsheimsdalen.

Anders gjekk etter bjørn og skaut av han lårbeinet. Etter det gjorde bjørnen åtak på alle folk som han såg. Han sprang etter budeione, og han var ein stor fåre i dalen.

Dei samla seg mange mann med hundar og skulde gjera ende på udyret.

Bjørnen hadde då göymt seg i noko kratt. Mennene gjekk fram, og dei kom nær der bjørnen låg. Brått reiste bjørnen seg og tok ein mann mellom frambeinane og rulla seg med han ned ein bakke. Den beste veidemannen vart beden å skjota. Men kula drap både mannen og bjørnen. Dette hende 1880. Det var siste bjørn som var skoten i Balestrand. —

x

Bjørnen var ein fåre for konor, som gjekk med barn.

Kona Marta Urdi var budeia. Ho var i Austedalen og leita etter beist. Ho gjekk då med barn. Tri bjørnar

16459

kom ~~då~~ etter henne. Medan ho
sprang undan björnane kasta ho av
seg dei kledi ho kunde. Björnane
stogga og snusa på kledi. Ved
det vann ho liten liten fyremun,
og ho kom vel heimatt. Men
björnane var då komne nær
henne, og ho var so sprengd
at ho ūvita (besvimte) då ho
kom til selet. –
Veitastrond, Hafslo. –

x

I Skårstölsboten skaut tvo
björneveidarar ei stor gjeld-bera.
Det var i ulunda, og bera datt
utfor ein hamar.
Mons var ein stor, sterk
kar. Han vart so gild (glad)
då han såg bera stupte at
han sprang til henne för ho
var heilt daud, og han
slog henne med knyttneven
i hovūdet.
Anders ropte at han måtte
ikkje koma bera nær, for björnen
kunde vera sers fårleg i ridene,
når han stridde med dauden.
Men Mons röydde då inkje. –
(Han var so fegjen at det ikkje
var noko som kunde skræma han)
Denne bera var sers feit. Sume
stader under hudi var feittet
ei tverr hand tjukt. Bera vog
24 pund = 144 kg. utan skinn.
Grönadalen i Lærdal. –

x

16459

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Storuksen ringa bølingen
til vern mot bjørn.

I Henjadalen var store stølar og mykje bjørn. Budeia på Hjørlandset såg eingong ein stor bjørn gjørde åtak på ein bøling.

Då ringa storuksen bølingen. Alle vaksne kyr stod i ring med hornedet ut. Alle ungdyr var inne i ringen.

Uksen for kring ringen og såg etter at kyrne stod tett saman. Han bura mykje. Kyrne belgja og sparka med framføtene. Uksen hadde store horn. Når bjørnen freista å gjera åtak sprang uksen mot han. Men uksen kom aldri langt frå ringen. Og bjørnen torde ikkje gjera åtak på uksen.

Budeia skreik til bjørnen. Men ho torde ikkje koma nær bølingen.

Bjørnen var sint. Håri reiste seg på han, og han var med bølingen umlag 1/2 time. Men då bjørnen skyna at han ikkje kunde taka noko av denne buskapen gjekk han frå bølingen og for attum åsen. Men bølingen stod lenge i fast ring, og storuksen heldt vel åuga med bjørnen.

Nystrand, Leikanger i Sogn.

16459

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Björnen gjorde åtak.

Ein mann gjekk i fjellet. Han hadde øks med seg. Ein björn kom og vilde taka han. Det var med ei tjörn. Mannen var so snögg på foten, og björnen kunde ikkje nå han i sprangjet.

Björnen sprang ut i tjörni og vilde symja um— Ved det fekk mannen tid å hogga ei hånleg björk. So stod han med strandi og venta til björnen kom.

Då slog han hardt til björnen med stokken over snjåryggen, so ryggbeinet brotna.

Björnen vart hjelpe-laus, og mannen berga seg.—
Erdal i Lærdal.

x

Björnen og veren.

Ein stor ver gjekk i gode beite. Men der var hage hamrar. Veren vart feit. Um hausten vilde ein björn taka veren.

Björnen hadde gjort jag på ~~björn~~ veren med eit högt stup. Då veren skynte at han ikkje kunde koma undan björnen sprang han utfor fjellet. Björnen hadde fare i ekse— og vore so nær veren at han vilde taka han med det same veren hoppa utfor. Björnen for etter.—

16459

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



Både veren og björnen slog seg i hel. Dei låg dauda sida ~~ved~~ unna sida under fjellet. Björnen hadde freista å halda seg att i fjellet. Men han hadde rivet av seg klörne.

Jordal i Ytre Fjærland.

x

Ein stor svart ver gjekk på beite i ein saueflokk. Ein björn kom og tok veren, som han bar mellom frampötene upp ein bakke.

Vokre slåttekarar såg dette. Dei skreik og sprang etter. Björnen slepte då veren, som ikkje hadde fenge nokon skade.

Oppedal i Viksdalen.

x

Björnesogor hev teke stort rom i folkefantasien. Det hev ikkje alltid vore so heinigt å avgjera kva som var dikta og kva som var sann soga. Men desse sogone er skrevne etter dei beste kjeldor og samla med kritikk.

x

Andre veidesogor.

Otteren drep lamb.

Um sumaren når sauene er komne i fjellet hender det ofte at otteren drep lamb.

16459

 30

han gjing etter elvane, der det er fisk. Uppe i fjellet minkar fisken i elvane. Då er det otteren drep lamb. Han lurer seg inn på lambet og bit seg fast i ulli – og heng roleis til lambet vert sprengt. Då bit han det i strupen og syg blodet av det. Kjøtet et han ikkje.

Når otteren ikkje kan få meir blod i strupen – bit han ved endetarmen – og syg ut blodet der. På den måte får han ut mest alt blod i lambet.

Mange trur at slike lamb har sjølvdauda. For det er ikkje alltid lett å sjå at det er drepe: Men kunnige folk ser straks at det er otteren ~~som~~ har vore ute.

x

## Rjupeveiding ved Kvitenosi.

Ved høgfjellet Kvitenosi møttest veidemenn frå Teidalen, Eksingedalen, Vossestrand og Voss. Dei kunde ofte vera upptil 40 manns i alt, men dei fleste var frå Teidalen. Dei rekna vegen $2\frac{1}{2}$ mil frå Brekkhus til Kvitenosi, og der gjekk dei på 5 timar med byrd. Dei nista seg og ut til desse veideferdene, og dei

16459

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING





låg på stølane.

Det var mest i november månad, når det var kome snø i Kvitenosi - at dei var på slike veideferder.

Då var det berr mark lenger nede. Men rjupone var vortne kvite. Difor flaug dei upp mot Kvitenosi.

Der sette veidemennene seg - hævelig langt frå kvarandre soleis at dei sat i snøtråmen kring heile Kvitenosi.

Når dei tok til å skjota flaug rjupone i ring kring fjelltoppen. Men veidemennene sat rolege kvar på sin stad - og skaut når rjupegaglen flaug forbi.

Det flaug upp so store gaglar stundom - at dei myrkte for soli. -

Veidemenn skaut mykje på denne mate. Heimelsmannen sa: „Dei skote so mykje som dei vonne bera".

24 - 25 par rjupor rekna dei for ei god byrd. Den vanlege prisen var kr. 0.70 til kr. 0.80 for paret. Dette var i 1880 åri. Men i 1884 var det so mykje fugl at dei laut selja rjupone for kr. 0.40 for paret. -

Evanger. -

16459

Revane og örni. –

Ei örn gjorde åtak på tvo revar, som kom på ei stor myr. Der kunde revane ikkje göyma seg. Då dei skyna det reiste dei seg på bakföt[t]ene og heldt kvarandre um halsen. Dei store halane sine heldt dei rett upp. – Ein mann var i skogen, og han skrunde örni. Men han laut undrast over den framferd som han såg revane gjorde, når dei var i livsfåre. –

×

Revane tok sauen.

Lars skulde på fjellstölen, og ein ung gut var med. I dalen kom tvo revar jagande etter ein sau. Den eine reven heit seg fast i juret til sauen, som var sprengd og datt i ei hola.

Lars jagde revane burt frå sauen. Men dei sette seg i bakken. Dei römde ikkje. Lars stod vakt med sauen, og han bad guten springa heim etter rifla. Revane sat til guten kom att, og båe revane vart skotne. – Dette hende 1942, og det var då god pris på reveskinni. –

Balestrand. –

×

Balestrand 13. juli 1961
A. Skåsheim

16459